

## Referat etter møte 1-15 i Fagleg Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernomsråde

Fredag 27.2.2015 kl 12.00 – 14.00 på Gloppen Hotell

### Oppmøte:

Ragna Flatla Haugland – SFE  
Martin Førde – grunneigar Ålfoten  
Leidulv Solvang – grunneigar Norddalsfjorden  
Arild Straume – grunneigar Hyen  
Alvar Melvær – Sogn og Fjordane turlag  
Eli Folven og Siri Tenden – Reisemål Stryn og Nordfjord

### Frå forvaltninga:

Rune Holen - naturoppsyn  
Alf Erik Røyrvik – verneomsrådeforvaltar (referent)

### Meldt fråfall:

Fjordkysten Reiseliv

### Ikkje møtt:

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
Nordfjord folkehøgskule  
Svelgen Kraft AS

---

### Saker:

#### 1. Velkomen og opning av møtet.

Verneomsrådeforvaltaren ynskte velkommen og gjekk gjennom agenda for møtet.

Verneomsrådeforvaltaren informerte kort om kva Fagleg Rådgjevande utval er, og kva som er oppgåva til utvalet.

#### 2. Orientering om forvaltning og tiltak i 2014

Sjå presentasjon

### 3. Gjennomgang av forvaltningsplan og høyringsinnspel

Vi gjekk gjennom dei innspela til forvaltningsplanen som er komne inn i høyringa. Vi såg og på nokre moment og punkt i planutkastet.

Utvalet hadde ingen merknader utover det som allereie har kome inn i høyringa.

### 4. Planar for 2015 – tiltak

På bestillingsdialogen for 2015 står desse tiltaka/postane:

- Utedo i Hope (ved starten på merka rute til Gjeugnabu)
- Ulike stiltak
- Kartlegging og fjerning av gran i verneområdet

Verneområdestyret har fått 120.000 i tiltaksmidlar for 2015, som kan nyttast til desse tiltaka.

### 5. Innspel frå utvalet til forvaltninga

- Det var semje i utvalet om at det burde satsast på tilrettelegging for brukarane av Ålfotbreen landskapsvernområde. I form av merking, skilting, rydding av stiar. Og tilrettelegging i form av parkeringsplassar, toalett, infotavler mm. i innfallsportane.
- Det er ynskje om meir tilrettelegging og informasjon knytt til Førdedalen som innfallsport. Førdedalen bør få status som innfallsport på nivå med dei andre innfallsportane. Førdedalen er eit vanleg utgangspunkt til fleire flotte turmål og fiskevatn.
- Det er eit generelt ynskje om betre skilting og meir informasjon om landskapsvernområdet. Det er ein tung prosess å få sette opp slike skilt langs riks- og fylkesvegar, men kanskje ein kan vurdere å sette opp skilt og informasjon andre sentrale stader.
- Merking og skilting av turstiar bør gjerast i samarbeid/samråd med merkeprosjekt (Gjensidigestiftelsen) der det er naturleg.
- Det er snakk om eit mindre tilretteleggingstiltak i Bjørndalen, på starten av den nye merka ruta til Gjengnen. SFE skal gjere ein del arbeid på Bjørndalsdammen no i år, og vil legge att litt masse her som kan nyttast.
- Den merka ruta frå Åskora og oppover mot breen har eit parti som kan vere rasfarleg i periodar med mykje nedbør. Dei som brukar dette området hyppig ser ofte ferske spor etter steinsprang. Verneområdeforvaltninga og SNO, eventuelt i selskap med SFE, turlag og grunneigarar, bør ha ei synfaring her før sommaren og finne ut om her skal gjerast tiltak og eventuelt kva. Aktuelle tiltak vil først og fremst vere skilting og informasjon om rasfaren.